

Protokoll frå styremøte Suldal IL



Møtenummer: 01/2019

Dato: 31.01.19

Tidspunkt: 20.00

Stad: Stråpa

Til stades: Jon Bråtveit, Øyvind Gjuvsland, Aslak Moe, Per Even Tjøstheim, Silje Færøy, Else Kristin Krogh, Vidar Jørgensen Nærheim, Alf Aadnøy og Kristine Bøe Berge.

Forfall: Kathrine Kroken Lono

Andre til stades:

Sak 01/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

- Innkalling godkjent utan merknadar.
- Sakliste godkjent utan merknadar.

Sak 02/19 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte

- Protokoll godkjent utan merknadar.

Sak 03/19 Orientering frå leiar v/Aslak Moe

- Økonomisk avtale med toalettreinhald på Gullingen er forlenga i to nye år.
- Sendt inn søknad til Haugaland Kraft om sponsormidlar til Suldal IL.
- Sponsoravtale frå Suldal Elverk til Suldalsgutane og Suldalsjentene (Administrert av Suldal IL, men eige budsjett utanom idrettslaget) vert vidareført av Haugaland Kraft.
- Har vore i dialog med SR-Bank om forlenging av avtale som hovudsponsor. Vil bli endeleg settla tidleg sommar.

Sak 04/19 Orientering frå kasserar v/Silje Færøy

- Ingen merknadar til rekneskapen som Silje har sendt ut. Slik det ser ut per no ligg det an til eit overskot i rekneskapen. Største delen av dette knytt til lysløypa. Kommentar til eventuelle overskot er at dette er forventa at skal inn i aktiviteten i idrettslaget, og skal koma medlemmane til gode.
- Slik det er per no ligg medlemsadministrasjonen til kasserar. Mogleg at dette ikkje er ei framtidig oppgåve som naturleg skal liggja til kasserar. Må vurderast ved framtidig byte av kasserar.

Sak 05/19 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

Etter sesongslutt er gjerne den travlaste tida for leiaren. Følgande er gjort etter sesongslutt:

- Evaluering frå lagleiarar.



- Avslutningar med premiar, samlingar, blomar og gåvekort.
- Engasjering av nye trenarar.
- Undersøka kor mange spelarar som er aktuelle for laga i kretssystemet.
- Melda på lag i kretsstystemet.
- Laga nye treningstider i gymsal og på bane.
- Vedlikehald av bane.
- Bestillingar av nytt utstyr, samt vedlikehald.
- Få oversikt over drakter, samt eventuelt naudsynt innkjøp.
- Informert lokallaga i Suldal om Suldalsserien og Suldalscupen.
- Fulgt opp førespurnad frå Røldal IL om å få vera med i Suldalsserien. Dei ønskjer å stilla to lag i serien.
- Gjort opp rekneskap for Suldalsgutane- og jentene og informert dei lokale idrettslaga om sesongen, samt sendt innbetalingskrav til desse.
- Oppsummert sesongen for Suldalsgutane- og jentene til sponsorar, og sendt ut passande bilde frå dei, der dei ser korleis dei blir profilert.
- Reparert tidsuret på flaumlyset.
- Skifta batteri og motert ladar på ATV.
- Brøyta bane.
- Arrangert Nyttårscup i gymsalen. To damelag, sju herrelag.
- Arbeid med heimesida.
- Viktige datoar:
 - o Påmeldingsfrist Suldalsserie: 1. mars
 - o Seriestart Suldalsserie: 2. mai.
 - o Serieslutt Suldalsserie: Fram mot veke 40. Haustferien er veke 41.
 - o Påmeldingsfrist Suldalscupe: 20. august.
 - o Suldalscupen: Laurdag 7. september.
- Suldal IL oppfordrar elles laga i kommunen til å vera med på Sentrumscup i Sauda i april og Hjelmeland Sparebank cup månadsskifte aug/sept. I tillegg til Statkraftcup 9.-10. mars.
- Fotballgruppa held seg innanfor budsjett

Sak 06/19 Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- Starta seint på ski denne sesongen med start i desember. Hausten vart prega av treningar både inne og ute. Dei eldste har vore ute, medan dei yngste har vore inne (1.-3. trinn). Dei starta opp med utetrening no i januar.
- Har vore renn på Hovden med god deltaking før jul. Vart lagt opp som familietur.
- Røldalsrennet gjekk av stabelen nyttårshelga.
- KM i januar i Sauda. Lagt opp som familietur. Gode resultat frå Suldalsløparane!
- Ingeborg K. Hoftun har delteke på VM-mønstring og KM.
- Øyvind Røgenes skal gå ein del renn utover vinteren.
- Nokre løparar skal også delta i Ungdommens Holmenkollrenn.
- Skikarusell er i gong. Suldal IL arrangerar fyrste og siste renn.
- Suldalsrennet vert fyrste helga i februar.
- Mosvatnet rundt i mars. Hamrabørennet vert i slutten av mars.
- Har arrangert smørekurs.
- Øyvind Røgenes vil arrangera teknikkurs i klassisk ein kveld i byrjinga av februar for medlemmane i Suldal idrettslag.



- Ferdig med lysanlegget i lysløypa. I hamn med finansiering.
- Snøproduksjonsanlegget er nedskalert frå 5 til 3 millionar. Har sendt tippemiddelsøknad. Suldal Kommune er inne med 1 million. Vel 500 000 har idrettslaget i eigenkapital (stiftelsegåver og Ryfylkefondet). Må få på plass endeleg finansiering, slik at prosjektet kan stå på egne bein. Om ein lukkast har skigruppa eit håp om å starta opp arbeidet sommaren 2019. I fyrste omgong er det eit anlegg for snautt 2 kilometer, men med moglegheiter for å byggja ut.

Sak 07/19 Orientering frå økonomigruppa v/Else Kristin Krogh

- Ved større beløp ynskjer økonomigruppa ein rutine for handtering av pengar. T.d. ved betaling av startkontingent – korleis sikrar ein at alle har betalt? Også ved teljing av pengar i etterkant. Oppmodar alle som skal delta på t.d. skikarusell til å betala på førehand. Minimum to stk. som tel opp pengar frå kiosk, betalingar og liknande. Økonomigruppa lagar utkast til rutine.
- Else Kristin sjekkar om ein kan leggja inn moglegheit for å leggja fritt beløp på idrettslaget sin Vipps ved betaling.
- Annonsera bytedagen tidlegare og på fleire kanalar.

Sak 08/19 Orientering frå trimgruppa v/Alf Aadnøy

- Herretrim vekentleg.
- Dametrim to gonger per veke.
- Yoga ein gong per veke.
- Step/Aerobic ein gong per veke. Her er det ynskje om å oppgradera noko utstyr. Styremøte støttar dei naudsynte oppgraderingane og eventuelt kurs for Petra Odvody.
- Skogstrimmen. I 2018 var det 5200 deltakarar på trimmen. Ny rutine på trekking: det vert trekt ein trimmar frå kvar bok, totalt 8 vinnarar som får kvar sitt gåvekort hjå Suldal Sportsfiske.

Sak 09/19 Status Klubbhus Prestavikjo

- Aslak Moe har spurt fleire moglege leiarar for prosjektgruppa. Fleire kunne tenkt seg å delta i gruppa og ynskjer å bidra inn, men ikkje ta rolla som prosjektleiar.
- Aslak Moe tek ein ny runde på nye forslag frå styremøte.

Sak 10/19 Årsmøte

- Årsmøte vert 21.mars klokka 19.00. Styremøte i forkant klokka 18.30.

Sak 11/19 Oppsummering Frivilligfest

- Ein av tilbakemeldingane er at det er ynskje om årshjul for dei ulike gruppene/verva, frå hovudstyre ned til trenarnivå. Styremøte har eit ynskje om å starta opp eit arbeid kring dette.



- Tilbakemelding om at ein bør dekkja heile utgiftene ved kurs (kurs, reis, kost&losji), t.d. ved eit trenarkurs. Dette med tanke på at dette er ressurspersonar me gjerne har i fleire år på dugnad for idrettslaget. Aslak Moe sjekkar om det ligg vedtak/retningslinjer på dette frå tidlegare i idrettslaget.
- Tidspunkt for festen vert lagt tilbake til november. Det er ynskje om ein årleg markering. Ny fest november 2019.

Sak 12/19 Ymse

- Forslag om ein konkurranse/tiltak i form av t.d. sjunutstur/eit nutløp eller liknande. Alf tek dette i trimgruppa.
- Presisering vedk. flagavtale med Vinjar skule: Suldal Kommune har ansvar for å heisa flag på vekedagar, Suldal IL har ansvar for å ta det ned.
- Innspel på eit e-læringskurs «Barneidrettens verdigrunnlag». Eit kurs som er tilgjengeleg for alle som ligg på nettsida «minidrett». Oppmodar om at trenarar tek kurset.

Suldalsosen, 31.01.19

Kristine Bøe Berge, skrivar